




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Atlanten videregående skole

Årsmelding skoleåret 2022-23

Figur 1 Atlanten videregående skole



# Innholdsliste

<b>1. Rektor har ordet</b>	<b>2</b>
<b>2. Nøkkelopplysningar om skolen</b>	<b>3</b>
2.1 Organisasjonen	3
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	4
2.3 Inntak vg1 - føresetnader	5
<b>3. Læringsmiljø</b>	<b>6</b>
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	6
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	7
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	7
<b>4. Skoleårsresultat</b>	<b>10</b>
4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring	10
4.2 Karaktersnitt	12
4.3 Fråvær	13
4.4 Elevar som har slutta	14
4.5 Overgangar	14
<b>5. Leiing og profesjonsutvikling</b>	<b>16</b>

# 1. Rektor har ordet

Skolen sitt overordna mål er at alle våre elevar skal ha høgt læringsutbytte gjennom aktiv deltaking, og vi har ein visjon om gode faglege prestasjonar gjennom tydelege rammer. Skolen skal vere ein triveleg og god skole, og våre hovudseriar er inkluderande, samarbeidande og tydeleg.

Skolen er ein studieførebuande skole med om lag 530 elevar i skoleåret 2022–2023 fordelt på utdanningsprogramma studiespesialisering, idrettsfag og musikk, dans og drama. Skolen har hatt suksess med å tilby fordjuping i både musikk og dans i ei felles klasse på dei ulike årstrinna på musikk, dans og drama. Skolen handterer et stort tal privatistar innan studieforbereidande fag, og skolen tilbyr også opplæring av vaksne elevar på kveldstid.

Skolen har i ei årrekke hatt 21 klasser fordelt på 5 parallellar på studiespesialisering og ein parallell både på idrettsfag og musikk, dans og drama. Skolen opplever god rekruttering til sine tilbod, og skolen opplever auka rekruttering frå heile Nordmøre, deler av Romsdal og Trøndelag. Skolen har eit dyktig og kompetent personale, og skolen opplever god rekruttering til ledige stillingar ved skolen. Skolen opplever å ha eit godt og triveleg arbeidsmiljø, og skolen har god dialog og gode samarbeidsmøte med dei tillitsvalde.


Skolen har tett dialog med elevrådet og russestyret, og tilbakemeldingar og elevundersøkinga gir eit bilde av eit godt læringsmiljø og elevar som opplever trivsel, tryggleik og meistring. Skolen har gjennom fleire år prioritert høgt systemarbeidet rundt elevane sitt læringsmiljø og tett oppfølging av enkeltelevar.

Skolen har i fleire år hatt svært få elevar som har slutta og høge tal for gjennomføring for våre elevar. For skoleåret 2022–2023 hadde skolen 7 elevar som slutta, noko som utgjorde 1,3 %. Dei aller fleste av dei som sluttar har tatt permisjon og blir følgt opp av skolen dei kommande skoleåra. For skoleåret 2022–2023 fekk 91,1 % av elevane våre fullført og bestått.

## 2. Nøkkelopplysningar om skolen

### 2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	55
Tal på årsverk i leiarstillingar	5
Tal på årsverk andre tilsette	8,8



Figur 2 Organisasjonskart

Skolen si leiing består av fem leiarar. Rektor har personalansvar for leiarane, stab- og driftspersonalet. Assisterande rektor har personalansvar for realfag. Ein avdelingsleiar har ansvar for elevtenesta og norsk, ein avdelingsleiar har ansvar for musikk, dans og drama og språk, og ein avdelingsleiar har ansvar for samfunnsfag og idrettsfag. Frå januar og ut skoleåret 2022-2023 reduserte skolen personal- og avdelingsansvaret til fire leiarar som fordelte dei resterande avdelingane og personalet mellom seg.

Skolen hadde i 2022-2023 ein administrativ stab med to merkantile stillingar, ein

kontorlærning og ei stilling i samband med biblioteket.

Bygg- og eigedomsavdelinga har ein driftsteknikar ved skolen, og saman med skolen sine tre stillingar til reinhald utgjer dei fire personane driftsavdelinga ved skolen, leia av rektor. IT-avdelinga i sentraladministrasjonen har ei IKT-stilling og ein IKT-lærning lokalisert på skolen.

I skoleåret 2022-2023 hadde skolen ingen tilsette på kjøkken og kantine, og skolekantina ble drifta med sjølvbetjent kasse og innkjøp og tilrettelegging organisert av stab og skoleleiinga. I deler av skoleåret brukte skolen ein pensjonert tilsett i kantina til å lage gratis skolefrukost og følge opp en liten del av kantinedrifta.

## 2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Idrett	21	23	27	71
Musikk, Dans og Drama	18	23	23	64
Studiespesialiserande	130	128	124	382
Total	169	174	174	517

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	12
---	----

Skolen har sju heile klasser på kvart årstrinn fordelt på ei klasse musikk, dans og drama, ei klasse idrettsfag og fem klasser på studiespesialisering. I tillegg har skolen opplæring for vaksne som ønsker generell studiekompetanse. I skoleåret 2022-2023 var det totalt 28 elevar som deltok på kurs i norsk, engelsk og naturfag.

I skoleåret 2022-2023 var det 12 elevar som hadde vedtak om ekstra språkopplæring.

## 2.3 Inntak vgl – føresetnader

### 2.3.1 Karakterpoengsum frå grunnskolen

	2021-22	2022-23	Fylket 2022-23
0 eller ingen	0,6%	0,2%	2,9%
0 - 25	0%	0,6%	1,3%
25 - 30	0,7%	0,6%	3,8%
30 - 35	2,2%	1,7%	9,6%
35 - 40	8,6%	5,6%	15,2%
40 - 45	22,2%	23%	22,4%
45 - 50	31,8%	31,1%	23,3%
Over 50	33,8%	37,1%	21,4%

### 2.3.2 Karakterpoengsum frå grunnskolen siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Atlanten videregående skole	45,7	45,7	46,4	47,0	47,5
Fylket	41,5	41,8	42,4	42,9	43,3

### 2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Elevgrunlaget og karakterpoengsummane frå ungdomsskolane har vore relativt stabile de siste fem åra. Skolen registrerer at det var noko høgare inntaktspoeng i skoleåra 2020-2021 og 2021-2022, og skolen ser dette i samanheng med avlyst eksamen og generelt høgare karakterpoengsum under pandemien. Skolen registrer også at karakterpoengsummen for 2022-2023 er tilbake på same nivå som før pandemien, samt at skolen registrer også ein auke i talet på elevar helt utan eller med svært låge karakterpoengsum frå ungdomsskolen.

# 3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

## 3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

- Vg1

Trivsel	Støtte fra lærer	Støtte hjemmefra	Vurdering for læring	Læringskultur	Mestring	Motivasjon	Elevdemokrati og medvirkning	Felles regler	Utdanning og yrkesveiledning (videregående)	Faglig utfordring
4,30	4,20	4,00	3,50	4,20	4,10	3,80	3,70	4,40	3,70	4,40

- Vg2

Trivsel	Støtte fra lærer	Støtte hjemmefra	Vurdering for læring	Læringskultur	Mestring	Motivasjon	Elevdemokrati og medvirkning	Felles regler	Utdanning og yrkesveiledning (videregående)	Faglig utfordring
4,30	4,00	4,00	3,20	4,00	3,90	3,60	3,40	4,20		4,50

- Vg3

Trivsel	Støtte fra lærer	Støtte hjemmefra	Vurdering for læring	Læringskultur	Mestring	Motivasjon	Elevdemokrati og medvirkning	Felles regler	Utdanning og yrkesveiledning (videregående)	Faglig utfordring
4,30	4,10	3,80	3,20	3,90	4,10	3,60	3,40	4,30		4,50

Figur 3 Resultat frå Elevundersøkinga 2022

Skolen bruker resultatata frå Elevundersøkinga og Undervisningsevalueringa aktivt som utgangspunkt for å reflektere over praksis overordna på skolen, på ulike trinn, utdanningsprogram og i klasser og faggrupper. Den førre undersøkinga frå 2021 hadde svært låg deltaking på grunn av nedstenging under pandemien, og resultatata frå 2022 har ikkje vore like tilgjengeleg og mogleg å bruke aktivt i skolen sitt utviklingsarbeid. Likevel ser vi at skolen skårar høgt på fleire av områda, spesielt sett i samanheng med samanliknbare skoler i fylket, og resultatata bekreftar stø kurs på fleire av skolen sine fokusområde.

## 3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	1
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

Det blei i skoleåret 2022-2023 laga ein skriftleg aktivitetsplan med bakgrunn i §9A-4 og eleven sitt psykososiale miljø. Skolen gjorde ingen enkeltvedtak med bakgrunn i §9A-5 eller §9A-7.

Skolen har gjennom fleire år hatt eit høgt søkelys på eleven sitt læringsmiljø, overgangen frå ungdomsskolen og eleven si oppleving av trivsel, trygghet og meistring. Skolen ser at systemarbeidet og dei førebyggjande tiltaka gir gode resultat, og laga rundt elevane har alle ei sentral rolle for at arbeidet skal lukkast.

Faglærar er nærmast eleven og skal tilpasse opplæringa ved å sikre at alle elevane har eit trygt og godt læringsmiljø. Det skjer gjennom trygge og gode relasjonar, gjennom å variere opplæringa og vurderingssituasjonane, samt involvere elevane.

Kontaktlæraren er tettast på elevane sosialt i samarbeidet med heimen.

Elevtenesta arbeidar systematisk for å støtte elevar og klasser heilt frå før den enkelte elev kjem inn på skolen. Elevtenesta er prioritert og styrka for å ha ekstra søkelys på enkeltelevar, klasser, karriererettleiing og dei minoritetsspråklege elevane. Skoleleiinga er tett på og har i kvardagen søkelys på elevane sitt læringsmiljø og opplæringa, og skoleleiinga vurderer fortløpande tiltak for kvar enkelt elev, klasse eller faggruppe.


## 3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad



	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	12-15
Møter i skolemiljøutval	2
Møter i skoleutval	0

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	Nei

Vurderingspraksis har vore eit satsingsområde for skolen i fleire år. Skolen sitt fokus knytta til vurdering har vore på intensjonen med vurdering og at vurdering har motivasjon, lærelyst og utvikling som formål. Skolen har utarbeidd sin eigen vurderingsplakat for å synleggjere fokus og arbeidet (sjå figur under).



Figur 4 Vurderingsplakat skoleåret 2022-23

Skolen har i fleire år prioritert høgt eit omfattande og systematisk arbeid med skolemiljøet. Arbeidet er forankra i skoleleiinga og systematisert gjennom årshjulet til

skolen si elevteneste. Skolen si elevteneste samarbeider tett med kontaktlærarane, faglærarane og eksterne bidragsytarar. Makkenskap, trygge relasjonar, tett dialog og tidlege tiltak er viktige faktorar i dette arbeidet.

Skolen jobbar systematisk for å skape gode relasjonar og god dialog mellom lærarane og dei ulike undervisningsgruppene. God dialog og elevmedverknad er eit viktig mål for skolen.

Skolen har gjennom fleire år samarbeid tett med russestyret og avgangselevane for å sørge for ei trygg, felles og inkluderande russetid for skolen sine avgangselevar. Skolen og russekullet inngår ein samarbeidsavtale med ulike ytingar og forplikting om samarbeid, respekt, inkludering og fellesskap for alle partar. Samarbeidet med russen har fungert også i skoleåret 2022-2023.

Skolen legg til rette for eit aktivt elevråd, som er ei viktig stemme ved skolen. Rektor og kontorlærilingen følgjer opp og støttar elevrådet i det daglege arbeidet.

Rektor gjennomførte i skoleåret 2022-2023 møte med elevrådet eller elevrådsleiar 1-2 gongar i månaden. Elevrådet gjennomførte møte minst ein gong i månaden. Skolemiljøutvalet gjennomførte to møter i skoleåret 2022-2023. Skoleutvalet hadde ingen møte i 2022-2023.

## 4. Skoleårsresultat

### 4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

#### 4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2022-23, prosent	91,1%
--	-------

#### 4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Idrett	95,2%	82,6%	88,9%	88,7%
Musikk, Dans og Drama	88,9%	91,3%	82,6%	87,5%
Studiespesialiserande	94,6%	90,6%	91,1%	92,1%
Total	92,9%	88,2%	87,5%	91,1%

#### 4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Atlanten videregående skole	94,2%	98,1%	95,5%	92,9%	91,1%
Fylket	87,9%	91,2%	91,4%	89,6%	87,9%

#### 4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Skolen har dei siste 6-8 åra hatt ei svært positiv utvikling i tala for fullført og bestått. Dette er resultatet av eit systematisk arbeid med konkrete tiltak og leiing tett på elevane og det pedagogiske arbeidet.

Skolen hadde høge tall for gjennomføring før fleire år med pandemi og avlyste eksamen. Etter fleire år med pandemi og krevjande forhold for elevar og faglærarar, opplevde skolen at færre elevar klarte å gjennomføre løpet sjølv utan avsluttande eksamen. I

skoleåret 2021-2022 fekk 92,9 % av elevane ved skolen fullført og bestått.

I 2022-2023 fekk 91,1 % av elevane fullført og bestått, noko som er eit resultat skolen er nøgd med. Skolen ser at for enkelte elevar er utfordringar med oppmøte og kontinuitet i opplæringa også vedvarande etter pandemien. Skolen ser også at første året med eksamen var eit større hinder for elevgruppa enn i eit normalår før pandemien, og skolen ser også eit unormalt høgt dokumentert fråvær på eksamensdagane for elevgruppa. Skolen følger opp alle elevar som manglar standpunkt og/eller eksamenskarakterar, og skolen er trygg på at dei aller fleste frå VG3-kullet i skoleåret 2022-2023 vil ha eit fullverdig vitnemål etter NUS-eksamen hausten 2023.

## 4.2 Karaktersnitt

### 4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Idrett	4,21
Musikk, Dans og Drama	4,37
Studiespesialiserande	4,38

### 4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Atlanten videregående skole	4,26	4,46	4,54	4,43	4,36
Fylket	4,10	4,22	4,26	4,24	4,20

### 4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skolen ser at karaktersnittet følgjer dei same trendane som dei andre skolane i fylket før, under og etter pandemien.

Dei fire av de fem siste skoleåra har av ulike årsaker vore spesielle og avvikande og skolen har ikkje dekning eller gjort grundige analyser til å uttale seg om spesifikke utviklingstrekk eller årsakssamanhengar. Skolen ønskjer dei komande skoleåra å ha eit større søkelys på datainnsamling og analyse av trendar og årsakssamanhengar knytta til standpunkt- og eksamenskarakterar.

## 4.3 Fråvær

### 4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar (45min)	Totalfråvær, prosent
Totalt	6,2	20,4	5,6%
Vg1	5,6	15,7	4,8%
Vg2	5,6	23,15	5,6%
Vg3	7,4	21,0	6,5%

### 4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Atlanten videregående skole	4,8%	3,2%	1,7%	1,9%	5,6%
Fylket	4,8%	3,5%	2,5%	2,7%	6,6%

### 4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Den totale fråværsprosenten for skoleåret 2022-2023 var på 5,6 %. Skolen sitt tette og gode system for oppfølging av elevane gjennom både kontaktlærarane, faglærarane, elevtenesta og leiinga har medverka til at fråværet er vesentleg lågare enn fylkessnittet.

Skolen ser den same trenden som dei andre skolane ved at mange elevar har utfordringar med å komme på skolen i like stor grad som før pandemien, men skolen ser at vi kanskje har lukkast i større grad enn mange andre skolar. Skolen vil jobbe systematisk for å få ned fråværstala på same nivå som før pandemien dei komande skoleåra, og skolen ser det som avgjerande for elevane si opplæring, fellesskap og gjennomføring at dei er til stede på skolen.

## 4.4 Elevar som har slutta

### 4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2022-23

Prosent	Tal
1,4%	7

### 4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Atlanten videregående skole	0,6%	0,2%	0,9%	1,3%	1,4%
Fylket	3,0%	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%

### 4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skolen hadde i skoleåret 2022-2023 sju elevar som slutta. Det er same talet som i skoleåret 2021-2022, og ein meir enn i skoleåret 2020-2021.

Dei aller fleste elevane som slutta har tatt permisjon og vort følgt opp tett av skolen dei komande skoleåra.

Skolen har gjennom fleire jobba systematisk for å ta godt imot våre elevar og følge dei tett opp dei åra dei er elevar ved skolen. Skolen har heller ingen praksis og svært få tilfelle av at elevar sluttar mellom skolestart og 1. oktober, som er den formelle telledatoen for elevar som sluttar. Skolen har gode erfaringer med å vere tett på den enkelte elev og gjere nødvendige individuelle tilpasningar for elevane.

## 4.5 Overgangar

Skolen ved elevtenesta deltar på innsøkingssmøte med ungdomsskolen og PPT, der spesielt A-skjemasøkarar får orientering om skolen, og mogelege tilretteleggingstiltak blir diskutert. Skolen inviterer også alle A- og B-skjemasøkarar med føresette til eit møte på skolen på våren, der elevane og føresette får vere med å diskutere aktuelle tilretteleggingstiltak om eleven startar ved Atlanten videregående skole. Dette gjer at

tiltaka er klare til å bli sette i verk om eleven startar på hausten. Mange av dei elevane blir invitert til skolen i planleggingsuka, slik at dei får møte sine kontaktlærarar, får informasjon om oppstart og gjerne sett klasselista. Alt dette for å trygge eleven i overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande skole.

Skolen arrangerer eit eige møte på våren for minoritetsspråklege elevar med føresette. Der får elevane og føresette informasjon om skolen og om sine rettar blant anna til særskilt språkopplæring. Elevane må også gjennomføre ein plasseringstest på dette møtet, slik at dei særskilte språkopplæringstiltaka kan bli sett i gang ved skolestart.

I planleggingsuka så er ein heil planleggingsdag satt av til informasjonsdeling i klasselærarråd. Der blir det delt mykje nyttig informasjon om nye elevar og om trinna.

Skolen har satt av tid til at kontaktlærarane på alle trinna gjennomfører oppstartsamtar med alle sine kontaktelevar den første skoleuka. Elevane på VG1 får også eit eige overgangsskjema, der dei fyller inn mykje nyttig informasjon. Skolen arrangerer foreldremøte den første skoleuka for blant anna å knytte tidleg kontakt mellom heim og skole. Alle tiltaka er element i vårt systemarbeid Makkerskap.

I løpet av de første skoleveke gjennomfører vi kartleggingsprøver for alle VG1-elever i matematikk, norsk, engelsk og framandspråk nivå 2. Denne kartlegginga gir skolen og faglærarane nyttig informasjon om den enkelte elev i de ulike faga. Det gir skolen og faglærarane moglegheit til tidleg å tilpasse opplæringa til den enkelte og eventuelt iverksette målretta tiltak i starten av skoleåret.



## 5. Leiing og profesjonsutvikling

Skole er organisert slik at læringa til elevane er i sentrum for all utøving av leiing. Dei ulike avdelingane blir leia etter skolen sitt overordna fokus og sine tydelege avdelingsmål. Profesjonelle læringsfelleskap i avdelingane og fagteam bidrar aktivt til å vidareutvikle skolen og fremje elevane si læring. Leiinga bygger positive relasjonar til medarbeidarane og er aktive deltakarar i det pedagogiske arbeidet.

Skolen er organisert slik at alle tilsette har tid og moglegheit til å delta i samarbeid og utviklingsarbeid i fagteam eller på tvers av fag og roller. Skolen sine styringsdokument gir retning og fokus, og skolen er ein lærande skole med god delingskultur og evne til utvikling og endring. Profesjonsutvikling gir økt forståing og kunnskap om dei ulike rollene i skolen, og skolen nyttar analyse og refleksjon rundt resultat og trendar som eit verktøy for å forbetre praksis.

I skoleåret 2022–2023 avslutta skolen eit treårig pilotprosjekt i skolesporet i DeKom-samarbeidet med Høgskulen i Volda. Samarbeidet med Høgskulen i Volda var spissa inn mot skolens utviklingsarbeid innanfor vurderingspraksis i dei ulike avdelingane. Pilotprosjektet saman med høgskolen har gitt skolen konkrete verktøy og ei pedagogisk forankring knytta til intensjonane i den nye vurderingsforskrifta. Skolen vil halde fram med dette utviklingsarbeidet også i dei komande skoleåra.

Gjennom Kompetanse for kvalitet si vikarordning har skolen i 2022–2023 har skolen hatt fire lærarar som har tatt vidareutdanning i relevante fag for skolen. Skolen har også hatt ein faglærar som har hatt stipendordning gjennom Kompetanse for kvalitet. To av skoleleiarane har også tatt vidareutdanning innan skoleleiing ved BI i Oslo i skoleåret 2022–2023.

Skolen har prioritert arbeidet og fagkurser i fagnettverka. Skolen har treårige avtale og ansvar for fagnettverka i samfunnsfag, idrettsfag, musikk, dans og drama og leiarnettverket for inkluderande praksis. Skolen meiner at aktive og utviklingsorienterte

fagnettverk på tvers av skolane er avgjerande for utviklinga av dei vidaregåande skolane i fylket, og det er naturleg og ein bevisst satsing frå skolen å ta eit stort ansvar i leiinga av fleire fagnettverk.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)